



MØTEPROTOKOLL

Utval: Driftsstyret
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 15.03.2017
Tid: 13.00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Rebecca Riise Bjerknes	Leiar	SP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Alf Jakobsen	Medlem	SV
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Inger Tove B. Simonnes	Medlem	KRF
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Per Svein Krøvel	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Inghild Liv Remøy	Medlem	MDG
Hild Våge	Nestleiar	AP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Anne Lise Fredly	Hild Våge	AP
Helge Johan Standal	Inghild Liv Remøy	MDG

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Per Ivar Kongsvik	oppvekstsjef
Rune Sjugard	rådmann
Anne Årsnes Skrede	leiar ved helsestasjonen
Toril Høydal	fagansvarleg helsesøster
Runar Hovde	kommunepsykolog
Arne Gotteberg	kommuneoverlege
Inger-Johanne Johnsen	sektorsjef kultur og service, sak PS 9/17
Bente Engeseth	konsulent, sak PS 11/17
Bente Kristin Krøvel	møtesekretær



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
OS 9/17	Orienteringssak Orientering om drifta ved helsestasjonen v. Anne Skrede
PS 7/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 8/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 10/17	Melding om vedtak i Eldrerådet OS 3/17 - Pårørandeutval - eldretenestene i Volda kommune
PS 10/17	PPT- avtale om regionalt samarbeid
PS 9/17	Kulturmidlar - prinsipp for tildeling
PS 11/17	Skjenkeløyve ved So es Bors AS - org nr 915017282

OS 9/17 Orienteringssak

Handsaming:

Helsestasjonen hadde ein fyldig presentasjon om helsestasjonsdrifta. Orienteringa var ved leiar for helsestasjonen, Anne Årsnes Skrede, fagansvarleg helsesøster Toril Høydal og kommunepsykolog Runar Hovde.

PS 7/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Sak PS 10/17 vert å handsame etter orienteringssaka.

Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 15.03.2017

Innkalling og sakliste vart godkjend.

PS 8/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 15.03.2017

Møteprotokoll frå forrige møte 08.02.2017 vart vedteken.



OS 10/17 Melding om vedtak i Eldrerådet OS 3/17 - Pårørandeutval - eldretenestene i Volda kommune

Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 15.03.2017

Orientering om vedtak i eldrerådet vart teke til vitende.

PS 10/17 PPT- avtale om regionalt samarbeid

Handsaming:

Helge Standal, MDG, kom med fylgjande framlegg til vedtak:

Driftsstyret ber administrasjonen om å utgreie ny sak om organisering av PPT, med ei grundigare høyringsrunde i brukarorganisasjonane, der nærleik til PPT-kontoret vert vektlagt.

Grunngjeving:

Utanom barnet sjølv, er føresette den viktigaste samarbeidsparten i PPT-saker. Det er vesentleg for føresette at det er enkelt å oppsøke PPT-kontoret for personleg kontakt med fagpersonar og sakshandsamar. Med lokalisering av kontor i Ulstein vert reisa dit ei unødvendig stor hindring for føresette.

Vanskane som har oppstått ved PPT-kontoret for Ørsta og Volda er av midlertidig karakter. Ein har ingen garanti for at slike vanskar ikkje oppstår ved eit større kontor.

Sjølv ved eit større kontor er ein i einskildsaker prisgitt at saksahandsamaren ein får har god nok kompetanse.

Røysting:

Det vart røysta på administrasjonen sitt framlegg mot Standal sitt.

Administrasjonen si tilråding fekk 7 røyster og vart vedteken. (Rebecca Riise Bjerknæs, Uthman Abu Harbid, Anne Lise Fredly, Henning Holsvik, Inger Tove Bilsbakk Simonnes, Roald Espset og Per Svein Krøvel)

Standal sitt framlegg fekk 2 røyster. (Helge Standal og Alf Jakobsen)

Tilråding i Driftsstyret - 15.03.2017

- 1. Kommunestyret godkjenner vedlagde utkast til samarbeidsavtale om regionalt samarbeid om PPT.
Kommunen inngår samarbeidet dersom tre eller fleire kommunar godkjenner avtalen.***
- 2. Kommunestyret delegerer mynde i samsvar med punkt 2 i samarbeidsavtalen til rådmannen som skal vidaredelegere dette til rådmannen i vertskommunen.***
- 3. I ei etableringsfase dekkjer Ørsta og Volda kostnader knytt til ½ stillingsheimel kvar i perioden 01.08.17 – 31.07.19. Stillinga kjem i tillegg til normal bemanning.***
- 4. Om Hornindal kommune ynskjer å tre inn i samarbeidet på dei vilkår som går fram***



VOLDA KOMMUNE

av samarbeidsavtalen før 1.1. 2020, kan dette skje utan ny politisk handsaming av saka i dei fire samarbeidskommunane.

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret godkjenner vedlagde utkast til samarbeidsavtale om regionalt samarbeid om PPT.
Kommunen inngår samarbeidet dersom tre eller fleire kommunar godkjenner avtalen.*
- 2. Kommunestyret delegerer mynde i samsvar med punkt 2 i samarbeidsavtalen til rådmannen som skal vidaredelegere dette til rådmannen i vertskommunen.*
- 3. I ei etableringsfase dekkjer Ørsta og Volda kostnadar knytt til ½ stillingsheimel kvar i perioden 01.08.17 – 31.07.19. Stillinga kjem i tillegg til normal bemanning.*
- 4. Om Hornindal kommune ynskjer å tre inn i samarbeidet på dei vilkår som går fram av samarbeidsavtalen før 1.1. 2020, kan dette skje utan ny politisk handsaming av saka i dei fire samarbeidskommunane.*

PS 9/17 Kulturmidlar - prinsipp for tildeling

Handsaming:

Saka vart grundig diskutert.

Driftsstyret kom med fleire innspel til prinsipp for tildeling av kulturmidlar i Volda kommune. Driftsstyret kom vidare med framlegg om at saka vert utsett slik at administrasjonen får utarbeidd retningsliner etter innspela frå driftsstyret. Ber om at saka vert lagt fram på nytt i neste møte.

Samrøystes utsettingsvedtak i Driftsstyret - 15.03.2017

Saka vert utsett slik at administrasjonen får utarbeidd retningsliner etter innspela frå driftsstyret. Ber om at saka vert lagt fram på nytt i neste møte.

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding



VOLDA KOMMUNE

PS 11/17 Skjenkeløyve ved So es Bors AS - org nr 915017282

Handsaming:

Leiaren kom med framlegg om at møtet skulle lukkast, jfr. Forv.lova § 13 og off.lova § 13
Det vart samrøystes vedteke å lukke møtet.

Det var ein grundig diskusjon av saka.

Henning Holsvik, KRF, kom med framlegg til første kulepkt.: *å gi løyvet til 30. september 2018.*

Røysting:

Holsvik sitt framlegg fekk seks (6) røyster og vart vedteke (Henning Holsvik, Rebecca Riise, Uthman Abu Harbid, Anne Lise Fredly, Inger Tove Bilsbakk Simonnes og Per Svein Krøvel)
Adm sitt framlegg til første kulepkt. fekk tre (3) røyster. (Alf Jakobsen, Roald Espseth og Helge Standal)

Administrasjonen sitt framlegg med den vedtekne endringa vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Driftsstyret - 15.03.2017

Med heimel i alkohollova §§ 1 –4b, 1 –7a, 1 –7b , 1 –7c, 4-2, 4-3 og 4-4 vert det gjeve skjenkeløyve slik:

- *Tidsrom: Frå vedtaksdato til 30. september 2018*
- *Løyvehavar: So es Bors AS, org. nr.915 017 282*
- *Styrar: Bulent Ozsirin, f. 05.08.51*
- *Stedfortredar: Jozsef Kabai, f. 68.02.71*
- *Skjenkestad: So es Bors, Hamnegata 6, 6100 Volda*
- *Alkoholvarer: Alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3*
- *Omfang/type: Alminneleg løyve*
- *Type verksemd: Pub*
- *Driftskonsept: Spiserestaurant og pub*
- *Skjenkeareal: 250 m² inne, 0 m² ute. Totalt 250 m². 150 gjesteplassar*
- *Skjenketider: Jf. punkt 4.2 "Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020" vedteke i k-sak 78/16.*
- *Opningstider: Skjenkestaden må stenge 30 min etter at skjenketida er ute (jf. alkohollova § 4-4)*
- *Vilkår: Jf. punkt 4-3 "Alkoholpolitisk plan 2016-2020" vedteke i k-sak 78/16.*

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i alkohollova §§ 1 –4b, 1 –7a, 1 –7b , 1 –7c, 4-2, 4-3 og 4-4 vert det gjeve skjenkeløyve slik:

- *Tidsrom: Frå vedtaksdato til 30. september 2020*
- *Løyvehavar: So es Bors AS, org. nr.915 017 282*
- *Styrar: Bulent Ozsirin, f. 05.08.51*



VOLDA KOMMUNE

- *Stedfortredar: Jozsef Kabai, f. 68.02.71*
- *Skjenkestad: So es Bors, Hamnegata 6, 6100 Volda*
- *Alkoholvare: Alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3*
- *Omfang/type: Alminneleg løyve*
- *Type verksemd: Pub*
- *Driftskonsept: Spiserestaurant og pub*
- *Skjenkeareal: 250 m² inne, 0 m² ute. Totalt 250 m². 150 gjesteplassar*
- *Skjenketider: Jf. punkt 4.2 "Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020" vedteke i k-sak 78/16.*
- *Opningstider: Skjenkestaden må stenge 30 min etter at skjenketida er ute (jf. alkohollova § 4-4)*
- *Vilkår: Jf. punkt 4-3 "Alkoholpolitisk plan 2016-2020" vedteke i k-sak 78/16.*

Møtet slutt kl. 16.05

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
16. mars 2017

Bente Kristin Krøvel
møtesekretær